

Skal forske på fiskehelse

Oppdrettselskapet Pure Norwegian Seafood vil ta i bruk medisinsk forskning frå menneske til å studere fiskehelse. Prosjektet får 500 000 kroner frå Regionale forskingsfond Møre og Romsdal.

PUBLISERT 3. JUN. 2020



Forskingseiar Hanne Solvang Felberg, Møreforsking; prosjektleiar Anders Marthinussen, Pure Norwegian Seafood; fagleiar for fiskehelse Barbro Klakegg, Åkerblå. Foto: Roald Sevaldsen.

Dei fem siste åra har det vore ein auke i talet på oppdrettslaks som dør på grunn av hjertesjukdomen cardiomyopatisyndrom (CMS). Sjukdommen finst i anlegg langs heile Norskekysten, men utbrota varierer blant dei ulike fiskeoppdrettarane.

Matfiskprodusenten Pure Norwegian Seafood, som held til på Averøya, skil seg positivt ut ved at dei ikkje har hatt CMS utbrot på over to år. Selskapet produserer laks som oppfyller krava til kvalitetsmerket «Label Rouge» og kan dokumentere god fiskehelse og låg dødelegheit.

-Vi veit at fiskeføret spelar ei viktig rolle, men nøyaktig korleis dette påverkar hjarte- og sirkulasjonshelsa til fisken er mindre kjent, seier Anders Marthinussen.

Medisinsk forskning frå menneske

For å forstå meir av fiskens hjartehelse, skal ein i dette prosjektet ta i bruk den siste kunnskapen frå medisinsk forskning på hjartelidingar hos menneske. Med seg på laget har dei forskarar frå Møreforsking Ålesund og NTNU. Åkerblå AS er samarbeidspart.

-Skal vi få til lønnsam vekst i oppdrettsnæringa, må vi vite meir om fiskehelse. Vi håpar derfor at ved å kople kunnskap, personell og infrastruktur frå den medisinske forskinga, vil vi kunne forstå meir av bakgrunnsmekanismane for CMS utbrot, seier Marthinussen.

Vil styrke biomarin forskning

-Prosjektet vil i seg sjølve ha stor vitenskapleg verdi. Det unike er at vi tek i bruk State-of-the-art forskning frå menneskje til å studere fiskehjarte, seier Svein Erik Gaustad i Møreforsking.

-Vi håpar dette prosjektet vil bidra til å bygge opp eit biomarint forskingsmiljø på Nordmøre og Møre og Romsdal, og at aktivitetane i prosjektet kan motivere bedriftene i regionen til auka samarbeid om forskning og utvikling, seier Gaustad.

Første tildelingsrunde

Dette prosjektet er [eitt av femten prosjekt](#) som etter første tildelingsrunde får kvalifiseringsstøtte frå RFF Møre og Romsdal.

RFF Møre og Romsdal tek imot og behandlar søknadar om kvalifiseringsstøtte fortløpande. [Gå til utlysing](#) for meir informasjon.

Meldinger ved utskriftstidspunkt 2. juni 2026, kl. 20.20 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.